



Planomtale for detaljregulering gang- sykkelveg Ulsteinelva - Gåsneset

Planforhold

Planområdet gjeld for delar av gnr/bnr 5/17, 5/15, 5/14, 5/13, 5/18, 5/28, 5/44, 5/6, 5/50, 5/29, 5/5, 5/20, 5/40, 5/112, 5/38, 5/154, 5/27 og 5/131 i Ulstein kommune.

Planarbeidet omfattar utviding av Fv 25, etablering av gang og sykkelveg på austsida av denne og etableringa av parkeringsplassar ved Plassen, i den nordlege delen av planen og reguleringsendring av parkeringsplass til fritidsbebyggelse.

Etter gjeldande kommuneplan har området status som LNF område og vegareal.

Kommunen har teke initiativ til å regulere området med basis i innspel frå grunneigarar i området og kommunal prioritering av tiltak på det regionale vegnettet i kommunen.

Reguleringsframlegget vil føre til endringar i reguleringsplan Ulsteinstranda nord (19760001)

Denne planen er ei forlegning av reguleringsplan Gangveg Skeide –Ulsteinelva (20040009) og ligg inntil reguleringsplan for Ulsteinstranda nord (19760001)

Omtale av plan og tilkomst

Fv 25 er ein blindveg frå Ulsteinvik til endepunktet Flø, med over 2000 kjt/d på ny fylkesveg frå Krushammaren – Halsneset. I nordre del av fylkesvegen er det ÅDT på mindre enn 500 bilar.

Planen vil omfatte oppgradering av eksisterande Fv 25 og etablering av ny gang og sykkelveg. Med dette vil det vere regulert samanhengande gang og sykkelveg frå sentrum av Ulsteinvik til Gåsneset.

Den nye planen vil føre til at det blir tryggare å ferdast langs Fv 25 for mjuke trafikantar.

Naturgrunnlag

Planområdet består av eksisterande fylkesveg, jordbrukslandskap, små lommer av kulturlandskap og nokre bustad tomter. Planen vil føre til mindre inngrep i både flora og fauna.



Friluftsliv og rekreasjon

Planen vil gjere det enklare og tryggare for gåande og syklande som vil bruke strekninga Gåsneset/Flø og Ulsteinvik. Parkering i nord av planen vil gjere tilkomsten til fjøre og fjell enklare.

Kulturminne

Det er ikkje registrert opplysningar om automatiske freda kulturminne innafør planområdet. Men til liks med reguleringsplanen for gangveg Skeide – Ulsteinelva er det venta å verte kravd arkeologiske registreringar i gangvegtraseen

Omtale av planforslag

Det vises til reguleringsframlegg gs Ulsteinelva - Gåsneset, datert 25.01.2010, og framlegg til føresegner datert 25.01.2010.

Arealrekneskap

Fritidsbebyggelse	ca 0,6 daa
Køyre veg	ca 8 daa
G/S	ca 3,5 daa
Parkering	ca 0,1 daa
Anna vegareal	ca 5 daa
Totalt areal	ca 17 daa

Lengde på vegen er ca 1190 m.

Trafikk

Regulert breidde veg er 6,5 m og g/s er 3,0 m. Avkjøringar er regulert inn i planen.

Ulsteinvik kommune, 25.01.2010

Reviderte utgåver
05.11.2009